

Ekstra Vedlegg.

13!

# LESER BREV

## ER VI FOR LIKE- GYLDIGE?

(Ope brev til Stortinget ved  
Helseminister Gudmund Hernes,  
frå Marit Midtun, Rælingen.)

Vi som bur i eit land med berre vel fire millionar innbyggjarar, - og eit land som auser opp milliardar frå havbotnen, korleis kan vi finna oss i, - år ut og år inn, - å stå i sjukehuskø, ha fleire vikars ventetid før vi slepp inn ti minuttar hos primærlegen, bli avvist ved akkutmottak i psykiatrien osv, og vi ser folk døye i køen og i «svingdøra»?

Dette tankekorset gjev meg ikkje fred! Noko må gjerast! Og det hastar!

Eg meiner det er Fylkesmannen i Akershus som har sagt: «Resursene er der, men organiseringen er gal». Og slik tenkjer også eg, - og mange med meg. Så lat oss da for all del omorganisera!

Ser vi oss omkring, ser vi kva som fungerer bra og som gjev folk trykkelk. Kvifor grip vi ikkje tak i det tenlege og får det på plass i helle landet vårt, - i rettferds navn!

- For ei tid sidan høyrde eg på radio NRK intervju norsk overlege som dreiv privat klinikk i statsdrive sjukehus i Belgia. Han sa:

«Her er det ikkje sykehuskøer,  
- her får folk velge lege og  
- her er det ikkje dyrere å være pasient enn i Norge».

No er forslag til omlegging av sjukehusdrifta i Noreg ute til høyring!

Eg vil også i denne samanheng få fram det som to pensjonerte stortingsmenn sa, også i intervju med NRK, kvar for seg frå ulik landsdel og parti:

- Ja, det var ein ting dei angra på frå si stortingstid, at de hadde vore med på å desentralisert sjukehusdrifta.

«Det er ikkje skam å snu», seies det. Heller ikkje i Stortinget må det vera det! Og no treng vi verkeleg motige politikarar som gjer det!

Det må syrgjast for at det er nok legar og helsepersonell i helle landet dersom helse-systemet vårt skal fungere tenleg! Det greier andre land med langt større folketal. Og der

har dei tryggleiken ved «Huslegene» også, slik vi hadde det tidligare.

Vårt «Huslegene» borte med desentraliseringa. Ja, eg trur det har ein samanheng.

Staten må ha hovedansvaret for skulane. Dei ville heller ikkje fungera om vi ikkje hadde nok lærarar.

Dei som har teke på seg å styra, må tenke grundig og langt nok! Og det må tenkast både og - og ikkje «båstenking», slik det har vore så alt for mykje av både etisk og organisatorisk.

2 Kan overdriven byråkratisering av samfunnet vera ein medverkande faktor til at helse-systemet vårt fungerer så dårleg?

Ein tidlegare statsminister, no pensionist,

sa nyleg, også i NRK, at han «frykta byråkratiseringa av samfunnet vårt»!

Så da kan eg ikkje, i dette alvorlege brevet mitt, unnlata å preika på fylkeskommunane.

Det er ikkje berre eg som forviler over alle resursene som sløses bort der! Også mange som har sitt arbeid der, veit eg, tenkjer slik. Det er nok av oppgaver ellers.

Da avsluttar eg dette brevet med å gjenta - det hastar med å få rydda opp i helsesystemet fyrst og fremst!

- Pengar har vi i landet vårt,

- «oppskrifter» som har vist seg å være tenlege, kan vi overta!

- Eg etterlyser motige politikarar som også tenkjer med hjarta og brukar sunt folkevet.

Sjef- og fribordshandmønstret

Sjefhandl.

Kjære Marit Midtun  
- Takk for et fantastisk  
velmenende og engasjert brev,  
som jeg skal ta med meg  
i neste arbeid, og  
som vi skal gå på "Hvordan  
skal vi øke trykkelk?"  
Med vennlig hilsen

8/9-86

P.s. Sender dette som  
en ekstra presentasjon,  
den 23 juli - 07.